



Skaper store verdier for lokalsamfunnet

Lokale kraftselskap skaper arbeidsplassar, ser til at straumforsyninga er sikker og betaler milliardar i utbytte til eigarkommunane kvart år. I tillegg sponsar dei lokale lag og foreningar. Sjå side 10–11



Sparer kostnader på digitalisering 2

Foreslår jamnare nettleige 4

Premie-kryssord og konkurranse 14

 Hemsedal Energi

Lokale selskap bidrar med milliardar

I DENNE UTGÅVA av Vår Energi kan du lese at landets mange små og mellomstore kraftselskap bidrar med om lag åtte milliardar kroner til lokalsamfunna kvart år. Verdiane blir skapte ved kjøp og sal av tenester frå underleverandørar, lønn til tilsette, samt skatt og utbytte til eigarkommunane. I tillegg sponsar kraftselskapa idrettslag, foreiningar og kulturelle arrangement.

Vår Energi ser også på korleis digitaliseringa i kraftbransjen bidrar til å halde nettleiga så låg som mogleg. Dei nye automatiske straummålarane opnar for ei rekke moglegheiter gjennom digitalisering. Det blir mogleg å spare opp mot 30 prosent, ifølgje Nettalliansen.

Du kan også lese at det går mot ei utjamning av nettleiga i Noreg. Reguleringsmyndigheita for energi (RME) tilrår ei eiga tilskottsordning for å jamne ut skilnadene. Dei ønskjer også å innføre ei ny type nettleige, ein såkalla effekttariff, for å motivere forbrukarane til å spreie straumforbruket utover døgnet, slik at kapasiteten på straumnettet ikkje blir sprengd.

Dette er nokre av sakene du kan lese meir om i magasinet du no held i handa.

Hugs å få med deg premiekryssordet og kunnskapskonkurransen. Premien er ein DAB-radio.

God lesing!

Eirik Omvik

Redaktør

Vår Energi har som føremål å gi deg informasjon om kraftmarknaden og kva du kan gjere for å påverke straumrekninga. Magasinet inneheld blant anna råd og tips om straumsparing og branntryggleik, og vi håper at innhaldet kan gi betre forståing for korleis kraftmarknaden fungerer.

Biletet viser eitt døme på korleis ny teknologi brukast i kraftbransjen. Her er ei drone ute for å inspisere og lokalisere eventuelle feil på kraftliner.



– Kan spare 30 prosent på digitalisering

Digitalisering forenkler kvardagen for deg som kunde og bidrar til å halde nettleiga så låg som mogleg.

DEI AUTOMATISKE STRAUMMÅLARANE gav startskottet for ei storstilt digitalisering av straumnettet i Noreg. No fyller nettselskapa i landet opp den digitale verktykkassa for å halde nettleiga så låg som mogleg.

– Vi reknar med at innsparingane på grunn av digitalisering vil ligge på opp mot 30 prosent, seier Anniken Pettersborg.

Ho er leiar for kommunikasjon og samfunnskontakt i Nettalliansen, eit samarbeid mellom 40 små og mellomstore nettselskap.

– Vi samarbeider mellom anna om digitalisering av anleggsbidrag, kundeløysingar,

chatbot og standardiserte nettsider, seier ho.

I dei kommande åra er nettselskapa nøydd til å investere store summar i vedlikehald og forbetringar av straumnettet. Det er derfor venta at nettleiga vil auke.

– Digitalisering vil effektivisere selskapa, bremse investeringsnivået og kutte unødvendige utgifter, seier Pettersborg.

Forenkler kvardagen. I tillegg til å redusere kostnader bidrar digitale løysingar til å forenkle kvardagen, ifølgje leiar for digitalisering Anita Skagnæs i Ringerikskraft.

ENERGI FORLAG AS Postboks 1182 Sentrum • NO-0107 OSLO • Tlf: 22 00 11 50 • ISSN 1502-7848

Marknadssjef Fredrik Kveen • fredrik.kveen@europower-energi.no • Tlf: 22 00 11 50

Abonnement Bård Knutsen • bard.knutsen@europower-energi.no • Mobil: 92 22 20 33



– Dei nye strammålarane er eit godt døme på korleis digitale tenester forenkler kvardagen. Kundane slepp å lese av målarane og kan enkelt få fortløpande oversikt over eige forbruk dersom dei ønskjer det. Det blir ikkje minst nyttig når dei nye effektarriffane skal innførast, seier ho.

Effektarriffar inneber at du ikkje berre betaler for kor mykje straum du brukar, men i tillegg kor mykje straum du bruker på same tidspunkt. (Sjå eiga sak side 5.)

Dronar og VR-briller. Målarane gir også nettselskapa viktig informasjon når dei skal planleggje utskiftingar i nettet.

– Det blir mogleg for oss å analysere nøyaktig kva som er behovet før vi oppgraderer og held

ved like nettet. Då unngår vi å byggje ut unødvendig kapasitet, og kundane slepp å betale høgare nettleige enn nødvendig, seier ho.

Ringerikskraft har om lag 500 kilometer med høgspennett som årleg blir inspisert med ein grundig toppkontroll. Tidlegare er dette berre utført med helikopter.

– Aktiviteten er både dyr og risikofylt, sidan den inneber flyging nær høgspennettet. I år skal vi utføre toppkontroll på deler av nettet ved hjelp av dronar. Desse kan styrast med skjerm, og i nokre tilfelle via Virtual Reality-briller, seier Skagnæs.

Lønner seg på sikt. Pettersborg i Nettalliansen seier at direkte innsparingar ved digitalisering mellom anna har gitt medlemselskapa



innsparingar gjennom meir effektiv bruk av arbeidstimar.

– Selskapa kan jobbe meir planmessig gjennom forbetra struktur og nye rutinar som også gir auka tryggleik i arbeidskvardagen,

seier Pettersborg, som påpeiker at digitalisering på kort sikt inneber auka investeringar.

– Men desse investeringane vil etter kvart gi betydeleg lågare kostnader samanlikna med dagens system og arbeidsprosessar, seier ho.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: MORTEN RASMUSSEN/VOKKS



Anbefaler tilskott for utjamning av nettleiga

Nettleiga kan variere med fleire tusenlappar i året avhengig av kvar du bur i landet. No tilrår RME å jamne ut nettleiga med ei tilskottsordning.

REGULERINGSMYNDIGHEITA FOR ENERGI (RME) har på oppdrag for regjeringa vurdert korleis ein kan redusere nettleiga for kundane som har høgast leige. Dei konkluderer med at ei tilskottsordning er best.

Tilskottsordninga kan enten finansierast over statsbudsjettet eller ved ei brukarfinansiert avgift.

– Tilskott vil ikkje innebere vesentleg auke i nettleiga for nokon kundar, og er truleg også mindre omfattande administrativt, konkluderer RME.

Ønsker avgift. Frå 2000 og fram til 2018 fanst det ei støtteordning som vart finansiert over statsbudsjettet. Beløpet varierte frå 10 til 120 millionar kroner i året.

Bransjeorganisasjonen Distriktsenergi ønsker ei meir stabil ordning og meiner ei brukarfinansiert avgift vil vere den beste løysinga.

– Ei avgift på så lite som 0,6 øre per kilowattime (kWh) vil vere nok. Det utgjør årleg 120 kroner per målepunkt og 500 millionar kroner totalt. Dette vil utgjere ein vesentleg skilnad, seier dagleg leiar Knut Lockert.

Ifølgje han vil ei slik avgift kunne redusere nettleiga til 30 øre per kWh i områda der kundane i dag betaler opptil 50 øre per kWh, begge beløpa eksklusive avgifter.

– Bør endre innmatingstariffen. Bransjeorganisasjonen Energi Norge har endå ikkje konkludert ferdig, men er foreløpig opne for ei støtteordning finansiert over statsbudsjettet eller ved ei brukarfinansiert avgift.

– Vi trur at ein kjem langt i å redusere nettleiga til dei dyraste områda med eit beløp på om lag 100 millionar kroner. Men det er viktig at ein i tillegg endrar kva selskap som får innmatingstariffen frå kraftproduksjonen, seier direktør Kristin H. Lind i Energi Norge.

Innmatingstariffen er ei avgift som kraftpro-

«Vi har gjort utrekningar som viser at 90 prosent av hushalda vil oppleve mindre enn 10 prosent endringar i nettleiga dersom dei held oppe det same forbruksmønsteret etter at dei nye tariffane blir innført.»

TORFINN JONASSEN, RME

Foreslår ny nettleige

Det skal lønne seg å spreie straumforbruket utover døgnet. No har RME foreslått tre alternative modellar for korleis nettleiga kan bli i framtida.

NYE FORBRUKSMØNSTER OG elektrifisering av transportsektoren bruker store mengder straum. Men det er avgrensa kor mykje straum ein kan frakte over straumnettet på same tid.

Sidan det vil koste samfunnet unødige mykje å bygge ut nettkapasiteten, ønskjer Reguleringsmyndigheita for energi (RME) å motivere deg som forbrukar til å spreie straumforbruket utover døgnet.

– Vi opnar for at nettselskapa kan forme ut nettariffane på ulike måtar og har peika på tre aktuelle modellar: målt effekt, abonnert effekt og sikringsdifferensiert nettleige, seier seksjonssjef for regulering av nett-tenester Torfinn Jonassen i RME.

Nettselskapa kan velje. Målt effekt er basert på den timen av døgnet når kunden har høgast effektuttak.

– I tillegg til fastleddet og energileddet vil nettleiga ha eit effektledd som er basert på den timen av døgnet når kunden har høgast effektuttak, det vil seie bruker mest straum.

Abonnert effekt inneber at kunden abonnerer på ei fastsett mengd kilowatt per time og betaler ein fast sum for dette.

– Dersom du bruker meir enn fastsett grense tillet, må du betale for timane der forbruket ligg over abonnementsgrensa.

Sikringsdifferensiert nettleige er basert på storleiken på hovudsikringa.

– Har du ei stor hovudsikring, betaler du meir enn om du har ei lita hovudsikring. På denne måten betaler du for kor stort forbruk du kan ha på éin gong.

– Ikkje stor prisskilnad. RME har foreslått ulike modellar fordi nettselskapa kan ha ulike utfordringar. Det kan også vere nyttig å hauste erfaringar frå dei ulike modellane, ifølgje Jonassen.

– Det vil også vere mogleg å kombinere dei tre modellane med tidsdifferensierte prisar, der prisane til dømes om vinteren når nettet er høgt belasta, er høgare enn om sommaren når nettet er lite belasta.

Det er ikkje meininga at nettselskapa skal hente inn meir pengar enn før. Dei nye tariffane skal etter planen bli fasa inn gjennom fem år frå 2022 til 2027.

– Vi har gjort utrekningar som viser at 90 prosent av hushalda vil oppleve mindre enn 10 prosent endringar i nettleiga dersom dei held oppe det same forbruksmønsteret etter at dei nye tariffane blir innført, seier han.

Forslaget frå RME er sendt ut på høyring med svarfrist i mai. Både Energi Norge og Distriktsenergi – dei to største interesseorganisasjonane for nettselskapa i Noreg – har støtta forslaget.

du sentar betaler for å kunne sende straumen ut på transportnettet. I dag går denne tariffen i regionalt distribusjonsnett til Statnett.

– Vi meiner at tariffen, på same måte som i lokalt distribusjonsnett, må gå til den netteigaren som har knytt produksjonen til sitt nett. Det vil bidra til lågare nettleige for forbrukarane i område som har store nettkostnader på grunn av mykje produksjon, seier ho.

RME meiner innmatingstariffen fell utanfor oppdraget dei har fått, og har derfor ikkje vurdert dette som verkemiddel. Tilrådinga er no send til Olje- og energidepartementet som skal vurdere eventuelle tiltak.

TEKST: EIRIK OMVIK

TEKST: EIRIK OMVIK

Fryktar fordyrande byråkratisering

Mange av kraftselskapa i landet må innføre funksjonelt skilje. Det kan føre til redusert beredskap og tap av arbeidsplassar i distrikta, meiner mange.

DEI FLESTE AV nettselskapa er ein del av eit større konsern som også har andre verksemdar som kraftproduksjon og straumal. Ved å ha det same styret og den same leiinga i alle selskapa kan ein spare ressursar og drive så effektivt som mogleg.

Funksjonelt skilje tillet ikkje ei slik organisering, og inneber at nettselskapet må driftast uavhengig av dei andre verksemdene. Morselskapet, eller den kontrollerande eigaren av nettselskapet, vil framleis ha overordna styring over dei økonomiske rammene, men kan ikkje gi instruksar i den daglege drifta av nettselskapet, som til dømes om utbygging eller oppgradering av nettet.

– **Meir byråkrati.** I dag gjeld kravet om funksjonelt skilje for selskap med meir enn 100 000 kundar. Frå 1. januar 2021 blir kravet redusert til meir enn 10 000 kundar. Kravet om funksjonelt skilje vil dermed gjelde om lag 40 nettselskap.

Marknadssjef Per Sigurd Hegerland i Hardanger Energi meiner kravet vil gjere det dyrare for dei minste selskapa å halde fram som før.

– Det vil føre til meir byråkrati og mindre fleksibilitet. Sentralisering og fleire samanslåingar vil føre til tap av arbeidsplassar i distrikta, seier han.

I tillegg til tap av arbeidsplasser vil samanslåingar gjere det vanskelegare å halde oppe ein god beredskap, ifølgje Hegerland.

– I dag utnytter vi ressursane i heile selskapet i ein beredskapssituasjon. I eit lite selskap som vårt har tilsette frå både den konkurranseutsette verksemda og monopolvirksomheten roller i ein krisesituasjon, sier han.

– **Distriktsfiendtleg.** Grunngevinga for lovendinga er at ein vil oppnå redusert risiko for kryssubsidiering mellom monopolverksemd og konkurranseutsett verksemd og gjere nøytraliteten til selskapet sterkare, alt dette ifølgje Reguleringsmyndigheita for energi (RME).

Sjølv om EUs krav til funksjonelt skilje gjeld for selskap med meir enn 100 000 kundar, har norske myndigheiter lagt seg på ei strengare linje ved å setje kravet til 10 000. Hegerland meiner dette kjem av eit ønske om å redusere talet på nettselskap.

– Det er først og fremst ein distriktsfiendtleg tankegang. Kraftselskapa skaffar viktige kompetansearbeidsplassar i distrikta. Dersom vi ønskjer å unngå å bli som Sverige, der sentralisering har lagt distrikta aude, er det viktig å leggje til rette for arbeidsplassar i dei mange små lokalsamfunna.

Smådriftsfordeler. Det blir ofte snakka om stordriftsfordeler. Hegerland meiner ein heller bør snakke om smådriftsfordeler.

– Små selskap har korte beslutningsvegar og kan snu seg raskt rundt i den daglege drifta eller i beredskapssamanheng.

Hegerland mener dessutan at grensa på 10 000 kundar kan vere til hinder for fornuftige fusjonar.

– Ei samanslåing kan føre til at små selskap hamnar over grensa og dermed går glipp av viktige synergieffektar som ein ikkje kan oppnå med funksjonelt skilje, seier han.

Det er venta at regjeringa vil vedta forskrifta frå RME i løpet av våren.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: KATRINE LUNKE/ENERGI NORGE OG FREDRIK KVEEN

Mange nettselskap er kritiske til pålegget om funksjonelt skilje. Dei meiner det fører til auka sentralisering og fordyrde byråkratisering.







Fristen for å innføre nytt namn er 1. januar 2022. Det er venta at Olje- og energidepartementet vil vedta forskrifta i løpet av våren.



Meir enn 90 selskap må skifte namn

Dei neste åra må i overkant av 90 selskap innan kraftbransjen skifte namn og logo. Det vil forvirre kundane og gi høgare nettleige, fryktar kritikarar.

REGULERINGSMYNDIGHEITA FOR ENERGI (RME)

ønskjer å innføre nye påbod for kraftselskap med meir enn 10 000 kundar. Det skal blant anna ikkje lenger vere lov å ha same namn på nettselskap og straumselskap, sjølv om dei tilhører same konsern. Dette følgjer av RMEs forslag til nye forskrifter om marknadsføring og kommunikasjon.

– Merkevara til nettselskapet er ofte kjend og har opparbeidd seg tillit hos nettkundane. Dette kan medføre ei overføring av tillit frå nettselskapet til andre føretak som ber same namn og logo, skriv RME.

For å forhindre slike urettvise fordelar blir det foreslått at kravet om differensiert merkevara gjeld alle føretak i konsernet, inkludert morselskapet.

– **Skaper forvirring.** Fleire er kritiske til forslaget. Blant dei er administrerande direktør Olav Linga i Haugaland Kraft.

– Eit nytt namn skaper forvirring blant kundane og medfører ekstrautgifter som dei til sjuande og sist må betale. Det er uheldig, og

eg trur heller ikkje kundane forstår kvifor det er naudsynt å skifte namn, seier han.

Forskriftene om monopolverksemd og konkurranseutsett verksemd er tydelege nok i dag, meiner Linga.

– Forslaget til nye forskrifter vil gjere drifta vanskelegare. Vi misser synergieffektar og må bygge opp organisasjonane på ein heilt annan måte.

– **Urettvise fordelar.** Administrerande direktør Øistein Andresen i Eidsiva Energi ønskjer derimot dei nye reglane velkomne.

– Vi har forståing for at kraftselskap ikkje skal få urettvise fordelar i den konkurranseutsette marknaden ved å nytte seg av den

same merkevara som nettselskapet. Ei felles merkevara gir konkurransefortrinn sidan ein får sterkare eksponering overfor potensielle kundar, seier han.

Det er opptil konserna om dei ønskjer å bytte namn på nettselskapet eller andre konkurranseutsette selskap. Den billigaste løysinga – som dei fleste selskap mest sannsynleg vel – er å bytte namn på nettselskapet.

Ifølgje RME er kostnadane utrekna til 86 millionar kroner for heile bransjen samla dersom nettselskapa skifter merkevara. Både Andresen i Eidsiva Energi og Linga i Haugaland Kraft meiner kostnadene kjem til å bli høgare.

Fristen for å innføre nytt namn er 1. januar 2022. Det er venta at Olje- og energidepartementet vil vedta forskrifta i løpet av våren.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: MONA ADOLFSSEN OG

VILJAR HELLELAND, SOGNEKRAFT

«Eit nytt namn skaper forvirring blant kundane og medfører ekstrautgifter som dei til sjuande og sist må betale. Det er uheldig, og eg trur heller ikkje kundane forstår kvifor det er naudsynt å skifte namn.»

OLAV LINGA, Haugaland Kraft

Tar ansvar for breiband i lokalsamfunna



TALET PÅ ABONNEMENT FOR BREIBAND OVER FIBER

2017: 863 584

2018: 990 712

2019: 1 129 627

Kjelde: Nasjonal kommunikasjonsmyndighet

Kraftselskapa spelar ei nøkkelrolle i utbygginga av breiband i distrikta. Stadig fleire får høgfallsnett, men bransjen etterlyser meir støtte frå myndigheitene.

OMRÅDE MED TETT folkesetnad gir god gevinst for utbyggjarar av breiband, men lønnsmda i grisgrendte strøk er ikkje like god. Kraftselskap med offentlege eigarar kan derimot ta andre omsyn enn rein profitt.

Ren Røros Digital er eit av disse lokale selskapa.

– Vi er ein kommersiell aktør, men Røros kommune eig to tredelar av morselskapet vårt, Ren Røros. Dermed blir det mogleg for oss å ta det samfunnsoppdraget det er å byggje ut breiband til alle, sjølv om lønnsmda blir redusert noko, seier administrerande direktør Arne Horten i Ren Røros Digital.

Rekordmange med fiber. Talet på abonnement med fibernett med hastigheit på meir enn 100 Mbit/s er no 1,13 millionar. Det er ein auke

på nærare 139 000 abonnement samanlikna med same tidspunkt i 2018, ifølgje Nasjonal kommunikasjonsmyndighet.

Breiband basert på fiber eller kabel-TV-nett kan gi tilgang til 100 Mbit/s eller meir. Om lag 86 prosent av folket i Noreg har no tilgang til breiband med høg hastigheit.

Det blir stadig viktigare med høg hastigheit i framtida. Horten peikar på at både strøymetenester og kommande digitale velferds-tenester krev breiband på over 100 Mbit/s.

– Folk i distrikta må også få tilgang til dette. Vi skulle gjerne sett at staten løyver meir pengar, seier han.

– **Helst nokre milliardar.** I 2020 skal regjeringa gi 250 millionar kroner i støtte for å byggje ut breiband.

– Det er ikkje nok. Det er framleis fleire hundre tusen DSL-kundar som ikkje har eit godt nok tilbod. Staten bruker milliardar i året på veg, og burde helst brukt nokre milliardar på breiband også, seier Horten.

Han peikar på at både Senterpartiet og Arbeidarpartiet har teke til orde for å auke breibandstøtta til ein halv milliard kroner i året.

– Men breiband blir vurdert som kommersiell verksemd og får avgrensa tilskott. Det skaper problem for folk i grisgrendte strøk, der det er vanskeleg og dyrt å byggje ut.

Ren Røros Digital har i underkant av 6000 kundar og bruker fire forskjellige teknologiar: HFC, radio, DSL og fiber.

– Dei siste åra har vi bygd ut jamt og trutt. I fjor forsynte vi 400 nye kundar med breiband, og i dei kommande åra skal vi etter planen byggje ut breiband over både fiber og radio til 500 nye kundar i året, seier Horten.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: SYDA PRODUCTIONS/SHUTTERSTOCK.COM



Skaper store verdier for lokalsamfunnet

Lokale kraftselskap skaper arbeidsplassar, ser til at straumforsyninga er sikker og betaler milliardar i utbytte til eigarkommunane kvart år. I tillegg sponsar dei lokale lag og foreningar.

DEI MANGE LOKALE kraftselskapa i Noreg har ein viktig samfunnsfunksjon. Ikkje berre for viktig infrastruktur. Dei skaper også andre verdier for innbyggjarane.

– Vi bidrar økonomisk til lokalsamfunnet gjennom kjøp og sal av tenester, lønn, skattar og utbytte, seier administrerande direktør Alf Vee Midtun i Rauma Energi.

I 2018 betalte Rauma Energi 12 millionar kroner i utbytte til Rauma kommune, som eig 100 prosent av selskapet. I tillegg til straumsal og nettverksemd byggjer Rauma Energi også ut breiband.

– Rauma kommune ville ikkje hatt så god breibanddekning utan at vi som lokal aktør hadde bygd det ut. Aktiviteten har også gitt god avkastning som går tilbake til fellesskapet,



« I tillegg til å byggje opp under merkevara vår ønskjer vi å vere med og halde samfunns-hjula i gang og bidra til eit levande og aktivt lokalsamfunn. Det kjem også våre tilsette til gode.»

ALF VEE MIDTUN, Rauma Energi

I tillegg til dei organiserte aktivitetane vert skøyte- og hockeybanen nytta av allmennheita og skolar og barnehagar i samband med eigenaktivitet, fortel Torp.

– Støtta frå Rauma Energi utgjer om lag 14 prosent av dei totale inntektene til skøyte- og ishockeygruppa. Selskapet støttar også resten av idrettslaget gjennom det årlege Rauma Energi-fondet, seier han.

Totalt åtte milliardar. Midtun i Rauma Energi seier det er fleire årsaker til at dei sponsar lokalsamfunnet.

– I tillegg til å byggje opp under merkevara vår ønskjer vi å vere med og halde samfunns-hjula i gang og bidra til eit levande og aktivt lokalsamfunn. Det kjem også våre tilsette til gode, seier han.

Lokalsamfunnet kan også gle seg av utbyggingar. Dei siste åra har Rauma Energi bygd to mindre kraftverk, og i fjor ferdigstilte selskapet Nye Verma kraftverk til 400 millionar kroner.

– I byggearbeidet vart det nytta lokale underleverandørar i tillegg til nasjonale leverandørar, seier Midtun.

Adapt Consulting tok utgangspunkt i samfunnsrekneskapen til Rauma Energi då dei i 2018 utførte ein analyse på oppdrag frå bransjeorganisasjonen Distriktsenergi. Dei regna ut at Rauma Energi skapte verdiar for lokalsamfunnet på 65–77 millionar kroner årleg i form av løner, skattar, arbeidsplassar og innkjøp av varer og tenester.

Vidare rekna konsulentfirmaet med at dei om lag 90 energiselskapa i Noreg som har mindre enn 30 000 kundar, i snitt bidrar med 90 millionar kroner og totalt åtte milliardar kroner til lokalsamfunna kvart år.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: JOACHIM HORN TORP

– Støtta frå Rauma Energi utgjer om lag 14 prosent av skøyte- og ishockeygruppa sine totale inntekter, seier Joachim Horn Torp i Isfjorden idrettslag.

sidan vi som dei fleste andre kraftselskapa er kommunalt eigde, seier Midtun.

Lokal sponsorstøtte. Rauma Energi sponsar årleg lokale lag og foreiningar med meir enn 300 000 kroner. Blant dei som mottar sponsorstøtte er Isfjorden idrettslag. Dei har ski, friidrett, skøyter og ishockey, handball, fotball, basketball, volleyball og all idrett som undergrupper.

I 2017 innvia idrettslaget Furulia Amfi, ein kunstfrosen skøyte- og ishockeybane.

– Støtta frå Rauma Energi bidrar til at vi kan tilby gratis tilgang til anlegget i samband med eigenaktivitetar. Den gjer det også mogleg for oss å halde låge medlemskontingentar og treningsavgifter for dei som deltar i dei organiserte aktivitetane, seier Joachim Horn Torp, som både leiår hovudstyret og trenar idrettslaget.



Innfører automatisk kompensasjon

Frå neste år får du automatisk utbetalt pengar ved straumbrott i meir enn 12 timar.

SOM STRAUMKUNDE HAR du krav på kompensasjon frå nettselskapet ditt dersom du opplever straumbrott som varer meir enn 12 timar. Dei nye automatiske straummålarane gir nettselskapet enkelt ei oversikt over kundar som blir råka av straumbrott. Derfor treng du ikkje lenger søkje om å få utbetalt kompensasjon.

Den nye ordninga skal innførast frå 1. januar 2021. Dagens satsar, som aukar for kvar 24. time, blir endra. Dei nye satsane aukar for kvar time.

Også andre delar av kompensasjonsordninga blir endra. I dag får du berre éin kompensasjon for eitt avbrott, uavhengig av kor mange

målepunkt som blir råka. Har du fritidsbustad i det same området som du bur i, blir du dermed berre kompensert for eitt av målepunkta. Frå neste år vil du få kompensasjon for alle målepunkta.

Dagens ordning gjeld alle kundegrupper, men frå neste år gjeld denne ordninga berre for hushald og fritidsbustader. Ut 2020 gjeld dei same reglane som før, og du må setje fram krav om kompensasjon til nettselskapet ditt dersom straumbrottet varer meir enn 12 timar.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: SEASONTIME/SHUTTERSTOCK.COM

Desse satsane gjeld no

Avbrott over 12 timar:	Kr 600,-
Avbrott over 24 timar:	Kr 1 400,-
Avbrudd over 48 timar opp til og med 72 timar:	Kr 2700,-
Meir enn 72 timar:	Kr 1 300,-

i tillegg for kvar påbegynt 24-timarsperiode.


Du må søkje nettselskapet om kompensasjon innan «rimeleg tid». Som regel vil dette seie tre månader.

Nye satsar frå 1. januar 2021

Avbrott på meir enn 12 timar: **Kr 500,-**
Deretter vil satsane auke med 40 kroner for kvar påbegynt time.



Råd



Slik sparer du straum

Du kan med svært enkle grep spare fleire hundrelappar på straumrekninga.

NORSKE HUSHALD HAR ifølgje Enova verdas høgste straumforbruk, saman med mellom andre Qatar og Saudi-Arabia. Nordmenn bruker nesten fem gonger meir straum enn verdsgjennomsnittet. Og dobbelt så mykje som svenskane. Mykje av årsaka er at vi i Noreg bruker elektrisitet til oppvarming av bustaden.

I ein normal einbustad går så mykje som 55 prosent av straumen til oppvarming. Om lag 20 prosent blir brukt til å varme opp vatn, og dei resterande 20–30 prosentane går til andre elektriske apparat som tv, kjøleskap, lys og så vidare.

Desse rådane vil hjelpe deg med å redusere straumrekninga.

AUTOMATISK STYRING

Dersom du tidsinnstiller varmeomnane til å senke temperaturen om natta og på dagtid når du ikkje er heime, kan du spare om lag 20 prosent av utgiftene til oppvarming. I tillegg vil du for kvar grad du senkar temperaturen, redusere utgiftene med om lag fem prosent.

VARMEPUMPE

Varmepumpa gir deg både lågare straumrekning, betre inneklimate og jamnare temperatur.

Det finst fleire typar varmepumper: luft-til-vatn, væske-til-vatn, luft-til-luft og avtrekksvarmepumpe. Væske-til-vatn-varmepumpe kan dessutan utløyse støtte på 5000 kroner frå Enova.

ISOLERING OG TETTELISTER

Kalde golv og vegger på grunn av mangelfull isolering kan føre til høgare straumutgifter enn nødvendig. Kontroller for trekk rundt vindauge, dører, i overgang mellom vegg og golv/tak og langs golv. Du kan finne luftlekkasjar rundt vindaugene ved å føre eit tent lys langs listene og langs vegg- og taklister. Det finst rimelege tettelister, og dette kan du enkelt utføre sjølv.

LUFT EFFEKTIVT

Når du skal lufte, bør du vere effektiv og skape gjennomtrekk ved å setje fleire vindauge på vidt gap i nokre få minutt. Dersom du let vindauga stå på gløtt i lang tid, blir vegger og golv kjølte ned, og behovet for oppvarming blir unødvendig stort.

SPAREBUSJ OG VARMTVASSBEREDAR

Å bytte frå vanleg dusjhovud til sparebusj halverer utgiftene ved dusjing. Tiltrådd

temperatur på varmtvassberedaren er 60 °C. Temperaturmålarer må aldri komme under 55 °C fordi det då kan oppstå salmonellabakteriar.

OPPVASK

Oppvaskmaskinen bruker mindre varmtvatn enn mange kanskje trur, og vesentleg mindre enn ved handvask. Bruk derfor heller oppvaskmaskin, men fyll den heilt opp før du set den i gang.

VASK AV KLEDE

Vask berre naudsynte plagg på 60 °C. Dagens vaskemiddel fungerer betre på lågare varme. Lufttørk så ofte du kan i staden for å bruke tørketrommel.

KVITEVARER

Kjøleskap og frysar er blitt mykje meir energi-effektive enn dei var tidlegare. Det kan vere lurt å bytte ut gammalt med nytt. Sjølv om energisparande kvitevarer kostar mykje, vil det ofte lønne seg i lengda. I kjøleskapet er det tilrådd 5 °C og i frysaren -18 °C.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: EGGHEADPHOTO/SHUTTERSTOCK.COM

KONKURRANSE

Test kunnskapane dine etter at du har lese Vår Energi



Vinn ein
dab-radio!

1 Kva nettselskap bruker VR-briller og dronar for å befare nettlinjene?

Svar: A: Ren Røros.. B: Statkraft.. C: Ringerikskraft.

2 Kor mange kundar må eit nettselskap ha for å måtte innføre funksjonelt skilje ifølgje RMEs forslag til nye forskrifter?

Svar: A: Meir enn 100 000 kundar. B: Meir enn 10 000. C: Meir enn 30 000 kundar.

3 Kvifor ønskjer myndigheitene å innføre effekttariff for å motivere forbrukarane til å spreie straumforbruket utover dagen?

Svar: A: Sidan det vil koste samfunnet unødvendig mykje å byggje ut kapasiteten. B: Fordi det er eit krav frå EU.
C: Fordi straumproduksjonen ikkje er konstant.

4 Når ventar ein at dei nye reglane om funksjonelt skilje skal innførast?

Svar: A: 1. juni 2020. B: 1. januar 2021. C: 1. juni 2021.

5 Kva for ein bransjeorganisasjon foreslår å endre innmatingstariffen for å jamne ut nettleiga?

Svar: A: Energi Norge. B: Distriktsenergi. C: KS Bedrift Energi.

Send løysing på konkurransen innan 1. august 2020 til:

Vår Energi, Postboks 1182 Sentrum, 0107 OSLO

Merk konvolutten «konkurranse 1-20»

Vi trekkjer ein vinnar som får ein dab-radio!

Navn:

Adresse:

Postnr/-sted:

Telefonnummer:

Vi gratulerer vinnaren av ein dab-radio
i Vår Energi nr 2 i 2019:

Tove Gustavsen,
8200 FAUSKE

ENERGI-KRYSS

					XORD no	GØYAL FYR PÅ SIRKUS	EROBRE FARE	↓	EVEN- TYR- VESEN	HØYDE- DRAG REDSKAP	↓	OLDTIDS- INDIVID	↓	LÆRLING	SETER	↓	OPP- KOMME				
					→												↷	PAR KV. NAVN			
					SKRÅ- NING				VIL SI OPP- DRETT			BRYGG AVKOK									
					KULØR						ÅRGANG BRÅKE										
					↶																
KAOS	↶				NEST- LEDER			SINTE EN GRETE					FLATE- MÅL				KJENT- MANN				
LEKKER- BISKEN		TRENT	SKO SEG PÅ	AFRI- KANSK SPRÅK	TREVL								VISER SKULDRE				PLENTY				
↶						VIE SLITES				POL- FARER HISTORIE					RUNDT PRIMAT						
SLANGE							BRITISK FOR- FATTER						SKURE MONARK								
FOR- KYNNE	↷						←								↶		KAN VAKTER VÆRE				
↶					PÅSTAND ENTEN ...				OSTE- TYPE	KOM- MUNE PLANET				HA KNAPP- ENE							
ETUI					↷											BØKER FANGST- NETT					
VIRKELIG						AVGIR ULL					TYNN FOR- SKÅNE						HANN- FUGLEN				
TIDL. ØST- TYSKLAND						KREVE															
↶			LAUD- ABILIS				SLEPE FORSYNT						ALENE AKSJE- SELSKAP								
SJARM			HUS- BOND JEG										OM KORN- BUNT								
= SPANIA			HÆRTA EU FØR					SE VEKK FRA ART.								URO STRØM					
↶				ENK- LESTE										PÅ BUNNEN							
EGEN- ART	↷				↶	KLOKKE- SLETT				MASKIN- DELEN											

Send løysing på premiekryssordet innan 1. august 2020 til:

Vår Energi, Postboks 1182 Sentrum, 0107 OSLO

Merk konvoluttet «kryssord 1-20»

Vi trekkjer ein vinnar som får ein dab-radio!

Navn:

Adresse:

Postnr/-sted:

Telefonnummer:

Riktig løysing frå nr 2-19:

**STRØMPRISENE HAR FAKTISK
VÆRT HØYERE TIDLIGERE**

Vi gratulerer vinnaren av ein dab-radio
i Vår Energi nr 2 i 2019:

Hans Myklatun
5745 AURLAND

Returadresse:

Energi Forlag AS
Christian Krohgs gate 16
Postboks 1182 Sentrum
NO-0107 OSLO



Følg strømføbruket på mobilen

Med Pulse frå Tibber kan du følgje med på strømføbruket ditt i sanntid på mobilen.

DET NORSK-SVENSK selskapet Tibber har ei rekke produkt for smart strømføstyring. No lanserer selskapet andre generasjon av det dei kallar «puls-klokka» Tibber.

Den vesle duppeditten kan enkelt koplast til HAN-porten i den nye automatske strømfømålararen og gir deg oversikt over strømføbruket i heile bustaden din på mobilen via Tibbers eigen app. Det er ikkje naudsynt med batteri eller stikkontakt, sidan Pulse får strømfø frå strømfømålararen. Rett nok vil det under sjølvve instal-lasjonen vere behov ei ekstern strømføkjelde.

Varsling. Pulse kan brukast saman med fleire system for smarte heimar. I appen vil du også bli varsla dersom det skulle bli overbelastning eller strømføbrott når du ikkje er heime.

Dersom enkelte apparat i huset sluker mykje strømfø, vil du enkelt få kunnskap om dette ved å følgje med på strømføbruket via appen. I iOS får du oversikt over føbruket 60 minutt tilbake i tid og i Android 10 minutt tilbake i tid. Dersom du i tillegg har strømføabonnement hos Tibber, vil du få tilgang til all historikk i appen.

Den førre versjonen av Pulse var tilgjengeleg i to ulike versjonar for to forskjellige strømfømålararar, men den nye versjonen er kompatibel med alle dei ulike automatske strømfømålararane i Noreg. For å opne HAN-porten må du ta kontakt med nettselskapet ditt.

Tibber sel også strømfø, men du er ikkje nøydd å vere kunde for å kjøpe Pulse. Prisen er 595 kroner for Tibber-kundar og 995 kroner for andre.



Apparatet kan enkelt koplast til sikrings-skåpet og gi deg oversikt over strømføbruket via mobiltelefonen.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: TIBBER AS